



Arkivnr: 2019/1432-5

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		28.08.2019
Fylkesutvalet		19.09.2019

Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 4 - 2019**Samandrag**

I budsjettet for 2019 er det løyvd totalt 75 million kroner til Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren. Av dette er 64,75 million kroner fordelt i tidlegare fordelingssaker.

I denne saka rår ein til at resterande løyving vert fordelt med 2 million kroner knytt til bygningsmessige tiltak ved Odda vgs. knytt til separatorrigg og prosessutstyr, 2 million kroner til tiltak ved Kvam vgs., 5,6 million kroner til ventilasjon m.m. i deler av B-bygget ved Slåtthaug vgs , samt 0,65 mill. kroner til bygningsmessige tiltak i samband med etablering av undervisning i velferdsteknologi ved Os vgs.

Økonomi: Løyvinga er finansiert innanfor inneverande års løyving til Rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren, og ligg inne i vedteke budsjett for 2019.

Klima: Ingen kjende effektar.

Folkehelse: Betra inneklima for elevar ved Slåtthaug vgs.

Regional planstrategi: For skulane i Kvam vil ein komme nærmare til å ha ein samla skule, elles ingen effekt.

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10 615.020.00	02320	02179	Kvam vgs. – Div. bygningsmessige tiltak	2 000 000	
10 628.020.00	02320	02180	Odda vgs - Tilbygg for prosessmodul	2 000 000	
10 633.020.00	02320	02181	Slåtthaug vgs.- Oppgradering bygg B	5 600 000	
10 646.020.00	02320	02182	Os vgs. – Velferdsteknologi	650 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		10 250 000
				10 250 000	10 250 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærstad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.07.2019

I budsjettet for 2019 er det løyvd 75 mill. kr. til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren. I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande tiltak. Det er tidlegare fordelt 65,75 million kroner frå årets løyving.

I denne saka rår ein til at resterande midlar i inneverande år vert løyvd til følgjande tiltak.

Odda vgs. – Tilbygg for prosessmodul

I samarbeid med lokalt næringsliv har skulen fått tilbod om å overtatt en separator-rigg / modul som skulen har vurdert å være svært nyttig i forhold til å oppfylle kompetanse mål. Der er vidare inngått ein intensjonsavtale med lokalt næringsliv knytt til bruk og drift av sjølve modulen.

For å sikre tilfredsstillende lærings- og arbeidsmiljø, samt for å ivareta sjølve riggen er det konkludert med at det bør byggjast eit mindre tilbygg kor riggen kan plasserast. Kostnaden med tilbygget er kalkulert til 2 million kroner og ein rår til at det vert løyvd frå inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren

Kvam vgs.- Oppgradering og ombygging Øystese

Samlokalisering av Kvam vgs. var oppe til handsaming i fylkesutvalet i juni i sak 149/2019.

Det vart då fatta følgjande vedtak:

«

1. Fylkesutvalet vedtek samlokalisering av Kvam vidaregåande skule, alternativ 3. All aktivitet blir samla i Øystese, og nye verkstadsareal for EL og TIP blir bygd på framtidig tomt for den nye skulen. Fram til nye verkstadsareal er klare vil eksisterande verkstadsareal i Norheimsund bli nytta.
 2. Fylkesrådmannen arbeider vidare med Kvam herad om areal for verkstadsareal for EL og TIP på framtidig tomt for den nye skulen.
- «

I første omgang har ein planlag å flytte Helse- og oppvekst frå Norheimsund til Øystese samt gjere ein skilde ombyggingar i Norheimsund slik at ein får samla resterande klassar i Norheimsund på ett mindre areal slik at ein kan «frigjørt» bygg og dermed redusera driftsutgifter til mellom anna reinhald og energi.

Basert på kalkyle er investeringskostnadane for desse tiltaka rekna til 2 million kroner, og ein rår til at det vert løyvd frå inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren.

Slåtthaug vgs – Oppgradering bygg B

B-bygget ved Slåtthaug vgs. Bygget er frå 1972 og har stort behov for oppgradering. Ventilasjonsanlegget med automatikk er defekt og må skiftast ut. Vidare bør taket etterisolerast og belysning, himling og elinstallasjonar skiftast ut.

Bygget har også stort behov for generelt vedlikehald og det er naturleg at ein i samband med utbetringa og gjennomfører ein skilde vedlikehaldsoppgåver som har blitt utsett tidlegare år.

Samla kostnad knytt til oppgradering (investeringar) er kalkulert til 5,6 million kroner. Vidare er det lagt inn midlar i gjeldande vedlikehaldsplaner for 2019 og 2020 knytt til driftsrelaterte kostnadar.

Ein rår til at investeringsbehovet på 5,6 million kroner blir løyvd frå inneverande års løyving for Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren.

Os vgs – Velfersteknologi

Skulen har fått tildelt 1,5 million kroner til utstyrskjøp i samband med etablering av demonstrasjonsrom knytt til velferdsteknologi / Smarthus. Rommet er tenkt nytt til undervisning innanfor Helse- og omsorg og innanfor elektro.

Det er vidare etablert eit samarbeid med kommunen kor kommunen og skal bidra med kompetanse med meir. Tilbodet er planlagt etablert ved ombygging av klasserom i E-bygget.

Kostnaden med bygningsmessige tilpassingar er kalkulert til 0,65 million kroner og ein rår til at det vert løyvd frå inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren.